

Kultur- og idrettsavdelinga
Hordaland fylkeskommune

16. juni 2017

Søknad om delutbetaling av tilskot til arbeid med kulturbygg med regionale funksjonar

Eg viser til mottatt brev 5. mai 2017 om delutbetaling av løyvde tilskot til Sunnhordland museum.

Med bakgrunn i dette har Sunnhordland museum starta arbeidet med å få på plass eit totalentreprisegrnlag for prosjektet. Fordelen er då at konsulentar får fram eit grundig og endeleg prosjektgrnlag, og prosjektet blir tatt så nær realisering som mogleg er dette året. Då kan det lysast ut anbod raskt etter ei statleg løyving til prosjektet i 2018. For å få gjennomført dette arbeidet i år søker Sunnhordland museum om ei ekstra delutbetaling på kr 300 000 frå resterande løyvde midlar. Midlane skal brukast i år i samband med intensjonen for tildelinga.

Eg viser til at Kulturdepartementet har bede museet senda ny investeringsøknad om prosjektet. Sunnhordland museum prioriterer dette arbeidet og skal senda fornya søknad basert på totalentreprisegrnlaget innan mars neste år.

Oppdatert framdriftsplan


Prosjektet handlar om å få til ei gjennomgåande rehabilitering og ei mindre ombygging av museumsbygget til Sunnhordland museum i Leirvik. Heile bygningsmassen må oppgraderast for å følge dagens lover og forskrifter. Det skal mellom anna vera med å sikra universell utforming, forsvarleg sikring av gjenstandar og godt publikumsmottak i tråd med dagens standardar.

Her er oppdatert framdriftsplan for prioriterte aktivitetar og milepælar i prosjektet framover:

- Juni 2017: Hordaland fylkeskommune godkjenner delutbetaling for utarbeiding av entreprisegrnlag i løpet av 2017. Kontraktar med arkitekt og rådgivande konsulentar blir teikna.
- August-oktober 2017: Totalentreprisegrnlag blir utarbeidd for prosjektet.
- Februar 2018: Søknad til Kulturdepartementet.
- 2017-2018: Det blir jobba for å få med stat, kommunar og private givarar for å sikra raskare oppstart av ombygginga. Dette kan vidare utløysa tildelingar via for eksempel gåveforsterkingsordninga i regi av Kulturdepartementet.
- Desember 2018: Vedtak over statsbudsjettet for 2019 sikrar finansiering av prosjekt og utlysing av byggeprosjekt.
- Våren 2019: Byggestart.

I samsvar med retningslinjene for løyvde tilskot viser eg også til statusrapporten sendt 18. april. Eg ettersender ytterlegare dokumentasjon om det trengst til behandlinga av saka.

Stord 16. juni 2017



Håvard Tvedte
Direktør, Sunnhordland museum